

201702265-26  
312  
kv/iph

Norges Vassdrags-og Energidirektorat  
Middelthuns gate 29  
0368 OSLO

6876 Skjolden, 1. desember 2017.

**Att: Sakshandsammar Laila Perine Høivik**

**VEDR. KONSESJONS SØKNAD på KRAFTPRODUKSJON i FORTUN KRAFTVERK.**

Viser til møte i Fortun Grendahus, torsdag, 30. november 2017, Kl. 18.00.

**://://** Viser til mine vedlagde 4 spørsmål som eg tok opp på dette møte, der alle som hadde innspel og spørsmål til dette med søknad om fornya konsesjon på kraftproduksjon i dette området av Fortunsdalen og Sognefjells-området, måtte senda dette inn skriftleg.

**Hermed gjer eg dette, og legg ved ein kopi mitt spørsmålsark, som møteledar fekk på møte.**

Så ser eg fram til ein vidare god og framtidsretta sakshandsamming, som blir prega av at dette er eit moderande offentleg samfunn i år 2018, som skal vedta.

Slik eg oppfatta møteleiinga i Fortun Grendahus, torsdag 30. november 2017, så ville bl.a. Luster kommune få utsatt svarfrist frå 8. desember 2017, til over nyttår i 2018.


**Eg vil OPPFORDRA N.V.E. til å visa GENERØSITET** også til alle dei andre lokale lag, organisasjonar og privatpersonar, som kjem med SKRIFTLEGE INNSPEL. Kanskje denne fristen som er sett til 8. desember 2017, **er i knappaste laget, som berre er 8 dagar**

Det vart jo også stilt spørsmål frå salen i Fortun Grendahus om at kvifor ein sat å drøfta dette med fornya konsesjon, **1 år på overtid**, sidan konsesjoenen var innvilga til januar 1957, **i 60 år**. Då oppfatta eg møteleiinga slik, at dette måtte ein ta opp med avdelingsdirektøren i N.V.E.

Sidan **«ein no er på overtid»**, må vel ikkje dette føra til ein **RASK SAKSBEHANDLING**, men at ein heller no brukar god tid på å få til **EIN FRAMTIDSRETTA BRUK** av **LOKALE RESSUSSAR**, som vil koma **både lokalsamfunnet og storsamfunnet TIL GODE**, på fleire områder.

Kanskje eg kan få eit svar på mine 4 spørsmål innan rimeleg tid, men i allefall må eg få ei bekrefting på at **brevet mitt er mottat av N.V.E.**, slik at eg veit at **mine 4 spørsmåls-tema** vil bli ein del av dykkar sakshandsamming, **i samspel med alle andre offentlege organ, i året 2018.**

**SER FRAM TIL DYKKAR SVARBREV, og EI BEKREFTING PÅ AT DETTE BREVET ER MOTATT.**

Med helsing  
  
Per-Arvid Hauge  
Lustravegen 4350  
6876 Skjolden.

KOPI TIL: **Luster Kommune, v/Formannskapet**, Rådhusvegen, 6868 Gaupne

KOPI TIL: **Årdal Kommune, v/Formannskapet**, Statsråd Evensens veg 4, 6885 Årdalstangen.

KOPI

Til MØTELEDAR i Fortun Grendahus,  
torsdag 30. november 2017, Kl. 18.00

og 2 stk. KOPIAR til bruk for paneldeltakarane på dette møte.

Eg har 4 spørsmål, i spørsmålrunden til paneldeltakarane,  
og etter at N.V.E. og HYDRO har orientert om sine tema.

1. **Vedr. 30 års konsesjonskrav.**

Vil det i konsesjonen for dei neste 30 åra, stå at krafta frå Fortun Kraftverk skal nyttast til aluminums-og industriproduksjon i Årdal ?

2. **Vedr. økt sikkerheit.**

Det har vore fleire straumbrot i Årdal dei siste åra, og bygda har blitt **mørklagd**.  
Vil ein **vegtunnel** frå Øvre Årdal til Fortun der ein også kan ha strømkablar, kunna vera med på å sikra ein tryggare straumtilførsel til HYDRO sine industri-annlegg i Årdal ?  
Høgspenlinja over høgfjellet kan takast ned og såleis vil ein også få ein miljøgevinst.  
Tunnelmassen kan nyttast til SIKRINGSVOLLAR i begge endar av Årdalsvatnet.  
Er dette SIKRINNGSTILTAK som kan gjera bu-og driftsvilkåra i Årdal tryggare ?


3. **Vedr. ennå bedre fiskeforvaltning i Fortunselvi.**

Vil det i ein konsesjon for dei neste 30 åra stå **at kraftprodusenten** skal syta for at forvaltning av laks og sjørøret i Fortunselvi skal vera minst like god som den er i dag, og at fiskehølar og gyteplassar må forbedrast ytterlegare enn dagens situasjon ?

4. **Vedr. eingongs kompensasjon til lokale kommunar.**

Vil det bli gjeve ein **eingongs-sum** til dei kommunane som blir berørte av denne konsesjonen til produksjon av **EL-KRAFT i Fortun Kraftverk**, og som kan nyttast til framtidsette tiltak, beslutta av lokale folkevalde organ ?

**SER FRAM TIL SVAR FRÅ PANELDELTAOKARANE,  
eller eit svar innan 7. desember 2017 til: [pearvi@online.no](mailto:pearvi@online.no)**



30. november 2017 Per-Arvid Hauge, Lustravegen 4350, 6876 Skjolden.  
E-post: [pearvi@online.no](mailto:pearvi@online.no)